

Referat, Moster sokneråd tysdag 21.02.2023

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Camilla Rubach, Elin Taranger, Heidi Torkelsen Fagervik, Aksel Lygre og Gerda Bondø (møtte for Marta Fauskanger Ekberg.)

Sak 08 – 2023 Godkjenning av møtebok frå 23.01.23 og innkalling.

Merknad frå kyrkjekontoret: Referat skal ikkje sendast kyrkjekontoret før etter det er godkjend. Møtebok og innkalling elles godkjendt.

Saker til ymse: Sak 18: Reparasjon av trappetrinn til kyrkjetårnet

Sak 09 – 2023 Oppfylging av tidlegare saker.

*** Sal av teknisk utstyr.** Halfdan Endresen har ansvar for sal.

***Kort evaluering av dugnadskonsert 29.januar**

Fin og variert konsert. Det kom inn 15800 kr. Kunne vore fleire folk.

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Evaluering. Vidare oppfylging?**

Bra kurs, og ny medarbeidar må inkluderast i planen

***Dugnad i april: Dato og innhald.**

21-23 april: Vaske og olje golv

8. juni: Rydding frå kl. 15.00 og utover.

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Marta og Elin tek ansvaret saman. Søknadsfrist 15.mars.

Vedtak: Me ser at me fell utanfor dei rammene som SR-bank skisserer og avventar inntil vidare.

***Soknerådsvale 2023.** Kvar står saka? Kurs for valstyre 31.januar kl.17-21 på Stord hotell.

Tidsfristar framover og rapport frå valnemnda.

Valnemnda ringjer no rundt til folk, og spør om dei vil stå på lista til soknerådsvalet. Aksel orienterte. Det vart presisert at soknerådet er valstyre. Valnemnda kjem på neste soknerådsmøte den 21. mars og får underskrifter på framlegg til kandidatar.

Sak 10 – 2023 Årsmøte og årsmelding.

Årsmøtet vert 16.mars etter kort undervising på temakveld.

Årsmelding med rekneskap vart korrekturlese i møtet 21.02.23. Me må difor planleggja alt praktisk omkring årsmøtet på dagens møte.

Forslag til vedtak: Rune leier årsmøtet etter temakvelden. Me bestemmer referent og finn to til å underskrive referat frå årsmøtet. Elin presenterer årsrekneskap for 2022 og budsjett for 2023.

Tema for samtale vert auka engasjement og oppmøte i gudstenesta. Utlysing i avisa seinast

1.mars. Kunngjering av årsmøtet i gudstenestene 19.februar og 5.mars, på facebook og heimesida. Me fordelte det praktiske

Sak 11 – 2023 Årsrekneskap 2022

Vedtak: Soknerådet ventar på ferdig revidert årsrekneskap, og legg denne ved årsmeldinga.

Sak 12 – 2023 Oppfylging av samling med medarbeidarar 23.januar

Me viser til referat frå denne samlinga, og grip fatt i forslaga.

Forslag til vedtak: Soknerådet ser det som naturleg at diakoninemnda hjelper diakonen å peika ut kontaktperson for å finna besøksvenner. TOL-utvalet går gjennom barnekroken og føreslår type bord og andre endringar. Tre bøylemikrofonar vert skaffa frå inntekt av sal av gammalt teknisk utstyr.

Behovsliste er sendt noverande kyrkjevevje også. Det er kjøpt 6 ullpledd. Soknerådet ser det ikkje som realistisk å arbeida for kyrkjelydshus utanom kyrkja, og meiner søndagsskule må finna stad i kyrkja.

Sak 13 – 2023 Datoar til å invitera komitéar/utval til soknerådsmøte?

Estlandskomiteen har bede om å verta kalla inn til møte. Kva andre utval står for tur?

Forslag til vedtak: Soknerådet kallar inn kyrkjemusikalsk utval 21.mars og representantar for Estlandskomiteen 18.april

Sak 14 – 2023 Støtte til trusopplæring, tur til London.

Einingsleiar Liv Merete Fylkesnes Pedersen har sendt søknad til dei fire sokneråda.

Vedtak: Moster sokneråd dekkjer prosentandelen som del av fordelingsnøkkelen mellom sokna, inntil kr. 5000

Sak 15 – 2023 Konfirmantfest

Soknerådet må stilla med/skaffa fire personar. Nokon må arrangera, leia og underhalda.

Vedtak: Soknerådet stiller med fire personar, og Aksel finn nokon til å leie festen saman med seg

Sak 16 – 2023 KN-aksjonen 2023

Orientering ved ansvarleg. Fordeling av ansvar.

Vedtak: Camilla bestiller det som trengst av materiell, og lagar det klart. Aksel informerer konfirmantar og foreldre, og skaffar bøsseberar utanom. Me låner lokale frå Salem. Foreldra vert oppmoda om å vere med. Oppmøte for konfirmantane kl. 17.00 oppteljing, og oppbevaring av pengar vert gjort som året før.

Sak 17 – 2023 Referat og meldingar

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet: Har hatt tårnagentveke. Det gjekk bra

Kyrkjemusikalsk utval

Diakoniutvalet

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen

Felleskristen komite 1000-årsmarkering kristenretten

Frå fellesråd og administrasjon.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Soknepresten fortel om gode konfirmantsamlingar. Tankar om ein eigen ungdomskomite vart delt.

Sak 18 – 2023 Reparasjon av trappetrinn til kyrkjetårnet

Vedtak: Soknerådet tek ansvar for at trappa vert reparert

Per Harald Gjerde

Skrivar